

# Breidablikk hytteforening

## Referat frå styremøte 24.feb 2018

Tilstades: Kirsti, Roger, Bodil, Kjell og Ingvild.

**Kontingent 2018:** Informasjon om kontingenen er lagt ut på heimesida, og det vert også sendt ut fakturablankett til medlemane neste veke. Betalingsfrist 15.mars.

**Parkeringsplassen og vegen opp:** Styret sender brev til kommunen ang. å få klarhet i ansvar for parkeringsplassen og vegen opp. Dette går både på brøyting og vedlikehald. Målet er at hytteforeninga får til ei skriftleg avtale med kommunen.

**Gamle Geirangervegen:** Styret lagar brev til Statens vegvesen (som eig vegen) for å spørje om planane dei har for vegen og vedlikehaldet.

**Omregulering, status og framdrift:** Saka er utsatt til neste styremøte, då styret avventar svar på ein søknad om dispensasjon.

**Heimesida (arkiv, medlemssider, blogg, sponsorar):** Vi vil lasta opp alle dokument for hytteforeninga til eit arkiv som det til ei kvar tid sitjande styret har tilgang til. I medlemsinnlogginga vil ein ha tilgang til årsmøtedokument, medlemsregisteret (som ein kan velge å stå i), og frå no av også referat frå styremøter. Vi sjekkar opp aktivering av bloggfunksjonen på sida. Vi vil tilby sponsorannonser på heimesida til 800 kroner pr år.

**Påskeaktivitet:** Vi køyrer om lag same malen som i fjor. Skjærtorsdag klokka 16.00 med aking og hopp, startnummer, premiar, godteri og gløgg. Informasjon på plakatar og i brevet som vert sendt ut før påske.

**Oppkjøring av løyper:** Vi kontaktar Skjåk turløyper for mulighet for oppkjøring av skiløyper til påske i området Hamsedalen, Gamle Geirangerveg.

**Hjertestartar:** Styret sjekkar opp pris, tilgang og mulighet for å ha ein slik i hyttefeltet. Dette kan ein eventuelt ta opp på årsmøtet/medlemsmøtet i haust.

**Informasjon til medlemane, sommar-/påskebrev:** Vi legg opp til å sende ut eitt medlemsbrev i året, som vert sendt ut rett før påske. I tillegg vil det bli lagt ut informasjon til medlemane på heimesida.

**Neste styremøte** vert i slutten av mai. Vi oppfordrar alle medlemmar til å melde inn saker!

*Ref, Ingvild B.*